

## **Vedtekter.**

### **§ 1. LAGETS NAMN**

*Lagets namn er Kolstad Krinslag.*

### **§ 2. FORMÅL**

*Leggja til rette for grendahusfunksjon i tidligare Kolstad Skule, no kalla Kolstad Grendahus.*

*Arbeide for å halda vedlike og auke det sosiale samhaldet mellom bygdene og innbyggjarane sin trivsel.*

*Ivareta drift og vedlikehald av Kolstad Grendahus og tilhørande uteområde.*

*Laget er politisk og livssyns nøytralt.*

### **§ 3. MEDLEMMAR**

*Alle innbyggjarar i tidligare Kolstad skulekrins er medlemmar i laget. Kolstad skulekrins er bygdene; Morken, Kolstad, Kartveit, Ulvatn, Boga og Kviste.*

### **§ 4. STYRET**

*Laget leiast av et styre på 6 medlemmar, som består av leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og 2 styremedlemmer.*

*Utanom styreleiar, konstituerar styret seg sjølv.*

*Styret er vedtaksfør når 4 styremedlemmar er tilstades.*

*Dersom det oppstår stemmelikskap ved avstemningar i styret, har leiar dobbeltstemme.*

*Styreleiar saman med eit styremedlem har signaturrett for laget.*

### **§ 5. ÅRSMØTE**

*Årsmøtet er lagets øvste organ og kan fatta vedtak om alle saker som vedkjem laget.*

*Medlemmar som har fylt 16 år har stemmerett.*

*Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av mars månad. Styret kallar inn til årsmøte med minst 21 dagars varsel. Innkalling skal skje skriftleg i alle postkassar i krinsen.*

*Årsmøtet er vedtaksfør med det tal medlemmer som møter.*

*Kvart medlem har ei stemme, og fullmaktsstemmer er tillete. Eit medlem kan ikkje ha meir enn ei fullmaktsstemme.*

*Årsmøtet skal behandla desse sakene:*

*1. Årsmelding.*

*2. Revidert regnskap.*

*3. Budsjett.*

*4. Val av styreleiar, og val av 5 styremedlemmer.*

*Det skal også veljast 2 revisorar og ei valnemnd på 2 personar.*

*5. Handsaming av innkomne saker.*

*Saker som ein ynskjer å handsama på årsmøte, må være overlevert styreleiar ei veke før årsmøtet.*

*Ekstraordinært årsmøte haldast når styret finn det nødvendig, eller når minst 10 medlemmar krev det. På ekstraordinært årsmøte kan ein kun handsama saker som er nemnd i innkallinga. Innkalling til ekstraordinært årsmøte skjer som ved ordinært årsmøte.*

## **§ 6. OPPLØYSING**

*Dersom laget ikkje lengre ser det formålstenleg å forsetja grendahusfunksjon i Kolstad Grendahus, skal lagets eigedom og eigendelar overførast til tiltak som fremjar dei føremål som går fram av paragraf 2.*

*Vedtatt på Årsmøte 16.mars 2009*